# Meland kommune

Alexander Helle
Fureskjeggvegen 71
5919 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Astrid Riise | 13.12.2019 |
| Vår: 19/1018 - 19/16006 | astrid.riise@meland.kommune.no | |

## Svar på søknad innspel til trafikksikringstiltak Fureskjeggvegen - GBNR 40/7

Viser til dykkar brev av 04.06.2018 med førespurnad om ulike trafikksikringstiltak i samband med asfaltering av Fureskjeggvegen og vårt svar av 22.10.2018. Meland kommune beklagar at det har teke noke tid før de har fått svar.

I førespurnaden dykkar noterer me at de har 3 ønsker:

- Fartgrense 50 km/t frå Ådlandvegen  ned Fureskjeggvegen og fartsgrensesone 30 km/t frå siste sving i Fureskjeggvegen og ned til kaien.

Fureskjeggvegen er ein kommunal veg, og har vegreferanse 1256 Kv2137. Førespurnad om endring av fartsgrensa har vore sendt ut på høyring til Statens vegvesen og til politidistriktet i regionen. Førespurnad til desse to instansane vart sendt  07.11.2019 med frist for å svare **28.11.2019**. Verken Statens vegvesen eller Vest politidistrikt hadde merknader.

Meland kommune vil fatte vedtak om «fartsgrensesone «skilt nr. 366/368 i tillegg til «fartsgrense» skilt nr. 362.5 50 km/t når fristen no er gått ut.

- Skilt nr. 156, «Annen fare» med underskilt 808.173 «Gardstun» på vegen der kjøretøy og driftsmaskiner krysser vegen i Fureskjeggvegen 71.

Skilting av «Annen fare» med underskilt «Gardstun» vil falle vekk ved oppsetting av «Fartsgrensesone»- skilt nr. 366/368.

- Fartshump

Plassering av fartshump i vegen ved  innkøyring til dykkar tun, vil bli tatt opp til nærare vurdering i arbeidet med revidering av trafikksikringsplanen  for  Alver kommune.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Astrid Riise |
| sektorsjef teknisk | Juridisk rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alexander Helle | Fureskjeggvegen 71 | 5919 | FREKHAUG |
| Julie Tessem | Fureskjeggvegen 71 | 5919 | FREKHAUG |